

**Sak 25-25 PLANPROGRAM TIL BUSKERUDPLANEN - HØYRING:****Bakgrunn:**

Buskerud fylkeskommune er no i gong med fase 2 utviklinga av Buskerudplanen. I juni i 2024 gav Regionrådet innspel til fase 1 som var planstrategien. No er det planprogrammet som er på høyring. Planprogrammet skal konkretisere kva Buskerudplanen skal handle om, og korleis prosessen skal gjennomførast. Høyringsfristen er **27. juni 2025**.

Regionrådet skal i denne saka ta stilling til om ein skal gi eit samla høyringssvar frå Hallingdal eller om kvar kommune skal levere høyringssvar. Om ein vel å levere samla høyringssvar er det naturleg å gje ev. innspel i dette møte og ta saka opp att i neste møte. Lenke til planforslaget finn de her:

[Planprogram for Buskerudplanen – høyringsutkast](#)

**Vurdering:**

Høyringsutkastet legg opp til god og reell medverknad frå kommunar og kommuneregionar. Kommunane er viktige samarbeidspartnarar i planarbeidet og kommuneregionane er ein viktig kanal for informasjon og dialog. Regionen kan derfor velge om ein vil levere eit samla svar eller svar for kvar kommune.

**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan innstilling

Hallingdal, 9. mai 2025

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar